

## **Satsingsområda i Regnbogen Natur-og Kulturbarnhage 2025 – 2026**

Natur og friluftsliv er alltid ein stor del av Regnboge-kvardagen. Dette barnehageåret har me ekstra stort fokus på dette, sidan det er friluftslivet sitt år i 2025.

Friluftslivet sitt år har som motto: Alle skal finna si friluftsglede

Sjå meir på <https://friluftslivetsar.no/> Her får de gode idear til aktivitetar gjennom året.

Ein av *verdiane* i Regnbogen er grøn kvardag. Me ynskjer å gje borna gode opplevingar i naturen, så dei vert glade i naturen. Me veit alle at det me er glade i, tek me vare på! Me er mykje på tur i skog og mark, men det er ikkje alltid turen vert så lang, så hjå oss er turen eit mål i seg sjølv. Regnbogen er sertifisert som Miljøfyrtårn, det har me vore sidan 2012. Miljøarbeidet står difor sentralt i kvardagen vår og borna lærer mykje om korleis me skal ta vare på naturen, jorda og havet. Gjenbruk er eit viktig tema i miljøarbeidet. Me har appen La Vandre, som enkelt legg til rette for auka gjenbruk av klede og utstyr for alle foreldra i Regnbogen.

Spikking er ein del av kvardagen og ei god ferdigheit å ha når ein skal drive friluftsliv. Når borna byrjar på Måneljos (4 år), får dei sin eigen spikkekniv. Når dei er ferdig i barnehagen, får dei med seg kniven heim. Den får dei til odel og eige, saman med spikkevitnemålet.

Borna lærer gjennom lek, både inne, ute i barnehagen sitt område og på tur i skog og mark. I leiken lærer dei spelereglane i livet og leiken er borna sin eigen måte å lære og skape noko nytt på. Leiken legg grunnlaget for å utvikle kunnskap og ferdigheiter og dei lærer seg gode *verdiar* som respekt, omsorg, glede, barn i sentrum, identitet og friendship. Dette er verdiar som Regnbogen er bygd på og er grunnpilarar i arbeidet vårt.

Dette året er det ulike jubileum som skal markerast:

-Regnbogen er 20 år til hausten og det vert arrangert jubileumsfest i veke 46 ☺

-Mummitrollet feirar 80 år i 2025. Me skal lesa bøker av Tove Jansson og verta kjent med Mummitrollet og venene hans. Me skal fylgja dei på spanande eventyr i Mummidalen!

-På våren skal me inn i Astrid Lindgren sitt rike, Pippi er 80 år! Me skal verta betre kjent med Pippilotta Viktualia Rullgardina Krusemynte Efraimsdatter Langstrømpe og med Emil i Lønneberget.

6.februar er det samane sin nasjonaldag. Heile veke 6 lærer me om livet til samane, lagar bidos og kanskje me lærer oss ein joik?

Ein av grunnpilarane i vår barnehage er språk og språkutvikling. I dette arbeidet er det viktig med deltakande og engasjerte vaksne. Gjennom lesing, dramatisering og lek styrkjer ein språket til borna. Dei møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, song, litteratur og tekstar frå notid og fortid.

Kari Finne Sognnæs har utdanninga si mellom anna frå Ole Bull Akademiet og ho er utdanna musikk – og helsearbeidar. Ho er ein inspirerande og god pedagog. Ho vil gjennom heile året komme innom i Regnbogen og steva med oss. Slik vil me friska opp dei steva me kan og lærer oss nye.